

Årsmelding for Voss Idrottsråd 2021

Årsmøtet for 2021 vart avvikla torsdag 10. juni på Scandic Hotel med val av nytt styre og funksjonstid.

Leiar	Olav Farestveit	Voss IL	1 år (2021)
Nestleiar	Anne-Karin Dugstad	IL Ørnar	2 år (2020)
Styremedlem	Hege Toje	Voss Håndballk	2 år (2021)
Kasserar	Gry Bystøl	MTB	2 år (2020)
Styremedlem	Trond Syvertsen	FBK. Voss	2 år (2020)
Styremedlem	Atle Seim	Granvin il	2 år (2021)

Styret har konstituert seg sjølv unnateke leiar og nestleiar.

Vara-medlemmer har ikkje møtt

June Jansson	2 år (2020)
Mildrid Sandvik	2 år (2020)

Revisor	Terje Eide	Bjørgum IL	1 år
Revisor	Nils Inge Håland	Voss IL	2 år

Styret har fordelt nokre arbeidsoppgåver slik:

- Leiar har delteke i møter i Brukarrådet for Voss Idrotts plass.
- Gry Bystøl har vore kasserar.
- Styret har delegert mynde til leiaren for å handsama fortløpande saker som er referert til heile styret via e-post.

Arbeidet i Styret.

Pandemien har i stor grad påverka aktivitetsnivået dette året.

Styret har i løpet av 2021 avhalde 5 styremøter forutan årsmøtet, dei fleste på Teams. Voss herad sin idretts- og friluftskoordinator har vore invitert og delteke på styremøter.

Olav og Anne-Karin har vore med i styret i Idrettens Olympiade.

Medlemsmasse i VIR

Det er i alt 45 lag som samla utgjør Voss Idrottsråd, og som alle er tilslutta Norges Idrettsforbund og Vestland Idrettskrets.

Vi reknar med at det i laga er tilsaman er 8844 medlemskap innan Voss herad, noko som tilsvarar ca. 60 % av folkesetnaden, medan snittet i Hordaland er ca. 42 %. Det er nokre store lag som t.d Voss Fallskjermklubb og Voss Golfklubb som har mange medlemmer som ikkje er busette på Voss. Totalt er det ein nedgang på omlag 3%

Kontingent for medlemskap i VIR

Me har ikkje kravd inn medlemskap for 2021 på grunn av at den økonomisk situasjonen i idrettsrådet er god grunna lågare aktivitet i pandemien. Covid 19 -tiltaka har og gjort det verre for mange idrettslag. Styret tilrår at denne ordninga held fram eit år til. Når aktivitetsnivået aukar og behovet for inntekter vert større, vert det vurdert å innføra kontigent att.

IT-løysing

Voss idrottsråd har etablert ei Team-løysing med post@vossidrottsraad.com som eigar og eine-medlem. Dette betyr at domene vossidrottsraad.com og epostbrukar er flytta over til Microsoft. Styret i idrettsrådet er gjester (med sine epost-adresser) til dette Teamet og kan oppdatere dokumenter og delta på møter. Heimesida er framleis drifta av Dform

Aktuelle saker som har engasjert styret i VIR i 2021

- **NM-veka vinter**

Vestland idrettskrets skal arrangere NM-veka vinter i 2022 i Bergen og Voss. Utedelen skal foregå i på Voss og i Myrkdalen. Voss Idrottsråd har vore kontaktpunkt for Idrettskretsen. I utgangspunktet var det fem idrettgreiner som skulle vore på Voss, etter ei tid vart det tre, randoné, telemark og snørugby. Utover hautsen vart b dette arrangementet konkretisert og dimensjonert.

- **Bavallen/ Grevlesstølen**

Styret har kommentert på oppstart av reguleringsplanen for Grevles-stølen og reguleringsplanen for varmestoveområdet. Me har og delteke i møte om mulighetsstudien for Bavallen i regi av Voss Resort. Me har og hatt diskusjonar med Voss IL og IL Ørnar om dette .

- **Sentralidrettsanlegget.**

Arbeidet med ny reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget har vore viktig i arbeidet til VIR. Voss herad har laga framlegg til ny reguleringsplan. Denne blei presentert 2.november. Voss idrottsråd ved styre synest dette er ein god plan, men etterlyste at

- Mykje skal inn i eit område med svært avgrensa areal, så noko må ut. Me meiner at Grønn etat sitt område med idrettshallen må bort, slik at dette området kan frigjevast til andre føremål.
- Me meiner også at det er for lett vint å fjerna såpass mange parkeringsplassar. Mange som nyttar dette område, bur slik til, at bil er einaste løysinga som fungerer. For ein travel småbarnsfamilie, vil også bilen vera løysing dei ofte vil bruka, også om avstandane kan vera kortare. Større arrangement krev også at det er større opne områder som kan nyttast for ulike føremål

Planen er at framlegg til ny reguleringsplan skal handsamast politisk i juni 2022

• **Idrettens olympiade A/S**

VIR tok i 2017 initiativ til å vurdere om det er mogeleg å arrangere Olympiske og Paralympiske leikar på Voss og Vestlandet. På bakgrunn av dette vart det etablert eit selskap: "Idrettens Olympiade AS". Dette selskapet var likt eigd av Voss idrettsråd og Idrettsrådet i Bergen. Hordaland Idrettskrets kom inn som likeverdige medeigar, No er Vestland Idrettskrets medeigar.

Olav og Anne Karin har jobbe mykje med dette og heile styret har vorte oppdatert på styremøta.

Det viktigaste sakene kring OL-initiativet har vore

- Det etiske grunnlaget for arbeidet vårt.
- Samfunnsnyttan av eit OL.
- Konkretisering av arrangementet.
- Kostnader med arrangementet.
- Skaffa oss midlar for å arbeida vidare.

I løpet av siste året selskapet som er eigd av Vossildrettsråd, Bergen idrettsråd og Vestland idrettskrets arbeid vidare med planane innanfor rammer pandemien har sett. Vitigaste i dette arbeidet har vore å rette seg mot mogelege arrangement og styrka samarbeidet på Vestlandet. Me har arbeidd for at Rogaland idrettskrets og Møre og Romsdal idrettskrets skulle kome inn på eigarsida.

Det var gledeleg at me har fått tildelt NM-veka 2022 og Superleikane i 2021 (som vart avlyst grunna pandemi) men kjem opp att 2022. Arbeidet med å utvida eigaromfanget stoppa opp seint i 2021. Men tankane våre og ideane om eit framtidig

«Annleis OL/PL» i Norge lever vidare og er meir aktuelt enn nokon gong. Selskapet er i høgste grad vitalt og oppegående

- **Reguleringsplan Åsbrekkegjelet Skrumle Bru E16**

Idrettsrådet har gjeve synspunkta våre der det viktigaste var å sikra Voss kajakkklubb sine interesser og sikra gang- og sykkelsti langs den nye traséen

Nye anlegg.

- Voss il og Il Ørnar har arbeidd med oppgradering av snøproduksjonsanlegg i Bavallen
- Voss Klatrelag har planar om nytt Klateresenter. Desse er planane var presentert på styremøte 10.05
- Voss Kajakklubb arbeider med planar for auka aktivitet i nedre del av Vosso, kring Tvildemoen / Bryn.
- FBK Voss og Voss il arbeider saman om å etablere felles klubbhus, i tillegg ønskjer dei å påverka den nye reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget.
- Bakkenemnda i Bavallen arbeider med oppdragering av hoppbakken.

Vedlikehald av idrettsanlegg.

Laga og anleggseigarar har ei viktig oppgåve med å halde ved like dei ulike anlegga i kommunen.

Laga har stor eigeninnsats og Voss herad gir økonomisk stønad til dei største vinter- og sommaranlegga. Me arbeider med å få auka denne støtta som er altfor liten og har stått stille i mange år

Temakveldar

Grunna pandemien var tillyst kurs i Idrettsforbundet sine IT-løysingar avlyst i 2020 men gjennomført i 18 oktober 2021

Kurset omhandla informasjon om bruk av: Klubbadmin, SportsAdmin, Min idrett

Målgruppe: Idrettslaga i Voss herad.

Etter endt kurs var målsetninga at vi skal kunna løysa viktige daglegdagse oppgåver for medlemmer og tillitsvalgte i idrettslag på ein effektiv måte.

Kurset vart gjennomført av Heidi Hatlen, Vestland idrettskrets

Det var 13 deltagarar

Om LAM-midler

Norges Idrettsforbund har også i år gjeve tilskot til alle laga som er registrert i NIF.

I 2021 vart laga i Voss kommune tildelt kr. kr 1 252 044.

Pengane vart fordelt etter fordelingsnøkkel som før


- Idrettsskule vert honorert med maksimalt kr 30 000 kr og dei andre får i høve til storleiken på idrettskulen
- Funksjonshemma får 3000 kr pr medlem
- Resten vert fordelt etter antal medlemmer i aldersgruppa 6-12 år og 13-19 år,
- Alle lag får minimum 1000 kr

I år fekk me også 148 986 i ekstraordinære LAM midlar . 109 000 kr av desse blei fordelt etter søknad frå laga, resten som ordinære LAM midlar

Lag	Prosjekt	Tildelt beløp
Voss Klatrelag	4 klatrehelger	23 000
Voss Kajakklubb	Bassengtrening	13 000
IL Viljar	Inkludering	9 000
Bolstadøyri turnlag	Musikkanlegg	5 000
Voss il Basket	Diverse utstyr kurs	32 000
Hardanger Handbakkklubb	Handbakkbord	7 000
IL Eldar	Aktivitetsgruppe	20 000

Om spelemidler.

Søknadssum for ordinære anlegg i 2021 gjekk ned til 36,4 millionar. Dette fordi mange anlegg nyleg fekk tildelt midlar. Det vart totalt tildelt 10.1 millionar til anlegg på Voss i 2021 . Nærmiljøanlegga vil få tildelt midlar anten fyrste eller andre året dei søker, medan ordinære anlegg kan måtta venta i 5-6 år.



VIR har påpeika at det årleg må løyvast ca 15 mill kr. til anlegg i Voss dersom alle anlegga skal få sine midlar i løpet av ein 5 års- periode.

Edvard B.Hegboms minnefond.

For 2021 vart det etter framlegg frå laga delt ut heiderspris i samband med 17. mai (utan feiring) til Lars Foss, Voss Skiskyttarlag

Highland-Staupet og Idrettsstipend

VIR fremja også i år kandidat til Highland-staupet som er ei utmerking for beste prestasjon innan vinteridretten siste sesong.

VIR fremja også kandidat til idrettsstipend

Tilskot til utdanning av trenarar.

Me har ikkje delt ut dette året

Idrettsrådet sin funksjon.

Idrettsrådet sin funksjon og arbeidsoppgåver er nedfelt i Lova og ein av dei primære funksjonane er å vere talerøyr for alle laga i VIR. Idrettsrådet skal hjelpa til med råd og rettleiing og vere bindeledd mellom lagslivet og heradet.

Dette har som føresetnad at laga nyttar seg av dette. Det er og viktig at laga viser engasjement i høve til VIR si rolle i lokalsamfunnet.

Her vonar noverande styre at engasjementet for VIR vil auke ytterlegare.

Det å ha styreverv i VIR medfører personleg engasjement og krev at ein er tilstade både i styremøter og i andre samanhengar. Styremedlemene må i tillegg bidra i dei arbeidsoppgåvene som er tillagt styrefunksjonen.

På basis av årsmøtevedtak er det utbetalt eit beløp på 16.000.- kr. som godtgjersle for dette engasjementet. Pengane vert fordelt i høve til arbeidsmengde og innsats.

Styret tilrår at dette held fram.

			Vedlegg
12.02.2021	Overførsel strukturert fakturainformasjon - Voss kommune	70 000,00	V1
	Innbetalinger medlemslag	0,00	
	Overføring Ekstraordinære LAM midlar Betalingsdato 11.11.2021	109 108,00	V2
26.06.2021	Overføring - Kundeutbytte 2020 Betalingsdato: 23.06.2021	319,00	
	Inntekter	179 427,00	
10.12.2021	Ekstraordinere LAM Midlar II Eldar	- 20 000,00	
10.12.2021	Ekstraordinere LAM Midlar Hardanger Handbakkubb	- 7 000,00	
10.12.2021	Ekstraordinere LAM Midlar Ekstraordinere LAM Midlar Voss IL Basket	- 32 000,00	
10.12.2021	Ekstraordinere LAM Midlar IL Viljar	- 9 000,00	
10.12.2021	Ekstraordinere LAM Midlar Voss Kajakklub	- 13 000,00	
10.12.2021	Ekstraordinere LAM Midlar Voss Klartelag	- 23 000,00	
	Ekstraordinere LAM midlar	- 104 000,00	V2
26.11.2022	reiserekning Olav høve 100 års dagen til FBK Voss	- 550,00	V3
18.11.2021	Scandic Hotel Voss	- 5 083,00	V4
26.10.2021	reiserekning Olav	- 998,30	V5
05.07.2021	Scandic Hotel Voss	- 3 600,00	V6
	Møtekostnader fag og organisasjon	- 10 231,30	
	Galleri Norendal, gave til		V7
26.11.2021	FBK Voss på 100-års markeringa	- 5 000,00	
27.10.2021	dform avgift www.vossidrottsraad.com	- 1 895,63	V8
11.08.2021	Avisa Hordaland annonse årsmøte	- 1 717,00	V9
18.02.2021	Voss Kommunikasjon	- 900,00	V10
03.02.2022	Gjensidige forsikring	- 2 523,00	V11
	Andre driftskostnader	- 12 035,63	
07.07.2021	styrehonorar Asgeir Løno	- 1 000,00	V12
07.07.2021	Styrehonorar Anne Karin Dugstad	- 5 000,00	V12
07.07.2021	Styrehonorar Olav Farestveit	- 10 000,00	V12
	Styrehonorar og kostnader Sum	- 16 000,00	
31.12.2020	Kreditrente	0,00	Renter årsoppgåve
	Resultat 2021	37 160,07	

Formue			
Kontonr./Kontobetegnelse	Rente- inntekter	Rente- utgifter	Saldo inkl. renter
9581.09.52300 Edv. B. Hegbom's Minnefond	4,68	0,00	89.944,52
9581.14.52026 Brukskonto	0,00	0,00	55.729,60
9581.20.15150 Brukskonto	0,00	0,00	269.482,04

Til bruk ved kontroll av ferdigutfylt skattemelding.	
Sum renteinntekter (post i skattemeldingen 3.1.1)	4,68
Sum innskudd (post i skattemeldingen 4.1.1)	415.156,16

Busjett Voss Idretttråd 2022

Tekst	Inntekt	Utgift
Tilskott mku	70 000	
Renter	200	
Kontigent idrettag	-	
Utgifter		
Diverse utgifter		10 000
Reiser		15 000
Årelg Arrangement		25 000
Trenerstøtte , støtte til lag		20 000
Styrhonorar		20 000
Sum	70 200	90 000
Underskudd		- 19 800

Handlingsplan 2022.

1. Utvikla samarbeidet med Voss herad i samsvar med Samarbeidsavtalen og ha regelmessig kontakt med idrett- og folkehelsekoordinatoren
2. Arbeida for å fremja likestilling, inkludering og bærekraft innan idrett.
3. I samarbeid med Brukar-rådet for Voss Idrettsplass og aktuelle brukarlag vera ein pådrivar i utviklinga av ny reguleringsplan for sentral-idrettsanlegget i Prestegardsmoen herunder nytt arenahus på sentral-idrettsanlegget.
4. VIR skal aktivt arbeide for idretten opp mot Voss herad for å sikre interessene og rammevilkåra til idrettslaga på Bømoen.
5. Arbeida med utvikling av eit idrettsmuseum på Voss
6. Arbeida for at idretten får tilgang til dei kommunale og fylkeskommunale Idrettsbygga herunder Vossabadet på vilkår som er i samsvar med NIF si målsetting om fri bruk for born og unge under 19 år.
7. Arbeide for at Voss herad gjennom budsjetthandsaming gjev drift- og vedlikehaldsmidlar til både sommar og vinteranlegg i tråd med kostnadsutviklinga.
8. Samarbeida med alle laga i VIR herunder utvikla kommunikasjon- og informasjonsarbeid der Vestland idrettskrets er ein viktig organisatorisk medspelar (Kfr Lova for VIR). Vurdere om me skal etablere ein «aktivitetsdag» for idrettslaga i heradet.
9. Styrka kontakten med laga. Hjelpa til med omsyn til støtte til anlegg og drift.
10. Støtta arbeidet i «Idrettens Olympiade a/s» om eit framtidig Vinter Paralympisk og OL på Vestlandet.
11. Delta på konferansar og møter i regi av Vestland Idrettskrets.
12. Arbeida for friluftsiinteressene i Voss herad med gode stiar og løyper
13. Arbeide for å utvikle og støtte eigenorganiserte lågterskeltilbod, som til dømes Voss aktivitetspark.

Årsmøteprotokoll Voss idrottsråd

Tid: Måndag 30. juni 2022 kl. 19-21

Stad: Park hotell

Til stades:

Olav Farestveit (Styreleiar Voss idrottsråd)
Tore Tvilde (Voss IL)
Trond Syversen (Styremedlem/FBK Voss)
Anne-Kristine Aas, (Vestland IK)
Anne-Karin Dugstad (Styremedlem/Ørnar IL)
Nils Inge Haaland (Voss IL/Voss Taikjueanlag)
Mariann Hauger (Hardanger Handbakkubbb)
Hege Toje (Styremedlem /Voss HK)
Sigurd Liland (Voss MSL)

Sak 1: *Godkjenne av fram møte-representantane*

Representantane vart godkjent

Sak 2: *Velge ordstyrar*

Olav Farestveit vart vald til ordstyrar

Sak 3: *Velge referent*

Hege Toje vart vald til referent.

Sak 4: *Velge to representantar til å underskrive protokollen*

Marian Hauger og Sigurd Liland vart vald til å underskrive årsmøteprotokollen

Sak 5: *Godkjenne innkallinga*

Innkalling vart godkjent.

Sak 6: *Godkjenna sakslista*

Sakslista vart godkjent.

Sak 7: *Behandle årsmeldinga.*

Leiar Olav Farestveit presenterte årsmeldinga. Årsmeldinga vart godkjent av årsmøtet.

- Farestveit påpekte avstanden mellom søkte midler om stønad og tildelte midler for spillemidler. Det er eit større behov for stønad til idrettsanlegg på Voss. 3,7 års gjennomsnitt ventetid i Vestland fylke, på Voss nærmare 5 år
- Kommentar Tore Tvilde: Voss herad får mykje gratis av idrettslaga på Voss – Bømoen er et friluftsområde med utgifter som idrettslaget må ta. Får lite økonomisk stønad frå Voss Herad, trass i at området nyttast bredt av innbyggjarane. Forslag om å sette større fokus på dette i idrottsrådet vann støtte.
- Hege Toje fremma forslag om å få redusert leigeutgifter i Voss idrettshall. Fekk støtte for at idrottsrådet skal fremme saken for politisk leing i Voss herad om å få fjernet leigeutgifter i Voss idrettshall for barne og ungdomsaktiviteten på vegne av idretten på Voss opp mot kommunevalet 2023.

Sak 8: *Behandle rekneskapen*

Kontrollutvalet godkjenner rekneskapen som syner god likviditet i Voss idrottsråd. Årsmøtet hadde ingen spørsmål til rekneskapen.

Sak 9: *Behandle arbeidsprogram.* Arbeidsprogrammet fekk støtte på årsmøtet.

- Kommentar: Likestilling i nominasjon av idrettsmidlar. Mest menn som blir nominerte, bør oppfordre til å nominere fleire kvinner når dette blir annonsert og at idrottsrådet sjølv syt for at fleire kvinner blir nominerte.

Sak 10: *Fastsette tildelingskriterier for Lokale aktivitetsmidler (LAM) basert på*

Kulturdepartementets kriterier, NIFs krav og anbefalinger, samt lokale forhold.
Fiek ekstraordinære midler i fjor. Årsmøtet støtter for at vi bruker de samme kriteriene som tidligere år.

Sak 11: *Behandle saker som går fram av godkjent sakliste*

Voss klatrelag:

Forslag om å arrangere førstehjelpskurs med hjertestartar som tilbud for trenarar og instruktørarar i lag på Voss. Foreslår at dette blir faste kvar haust.

Forslaget vart godt motteken og årsmøtet gjekk inn for å organisere dette.

Sak 12: *Vedta idrettsrådets budsjett.* Budsjett vart vedteken. Idrettsrådet budsjetterer med ca. 19 000 underskot, men fordi idrettsrådet har god likviditet, vart ikkje dette sett på som eit problem.

NIF sin representant opplyste at det 19. oktober arrangerast en nasjonal årsmøtekonferanse på Gardermoen. Anbefaler at det er to representantar som reiser på vegne av idrettsrådet.

Sak 14: *Val av styre:*

14.1 Styre:

- leiar: Olav Farestveit vart attvald som leiar eit år
- nestleiar: må vente til styret får konstituert seg ettersom ikkje alle styremedlem hadde høve til å stille på årsmøtet.

Styret	Trond Syversen	Valt for 2 år
	Mariann Hauger	«
	Sofie Torlei Olsen	«
	Atle Seim	Valgt i 2021
	Hege Toje	Valgt i 2021

Varamedlem: Mildrid Sandvik

Kontrollutval: Nils Helge Håland Valgt i 2021 , Terje Eide valgt for 2 år

Valnemd – Anne Karin Dugstad, Terje Midttun

Vil arbeida for å få inn eit varamedlem til styre og eit til valnemda.

06/06-2022 Mariann Hauger -

06/06-22 Mariann Hauger

Dato Signatur

07/06-22

07/06-22 [Signature]

Dato Signatur

Til årsmøte i Voss Idrottsråd

RAPPORT FRÅ KONTROLLUTVALET

Me har sett gjennom rekneskapen til Voss Idrottsråd for 2021 og meiner at den kan godkjennast av årsmøtet . Bankkontoen stemmer med dei tala som står i rekneskapet.

Sjekklista til kontrollutvalet er ganske omfattande og utanom rekneskapet har me ikkje sett på dei postane.

Vil som me har gjort heilt sidan 2018 påpeika at kontoplanen til NIF framleis ikkje er brukt i rekneskapet .

Voss , den 27. mai 2022

Terje Eide



Nils Inge Haaland

